

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 11.12.2009
Sakhandsamar: **Hans Stenby og Terje Arne Krokvik**
Saka gjeld: **Innspel til statsbudsjett 2011**

Arkivsak
2009/469/
Styresak 126/09 B

Styremøte 22.12. 2009

Forslag til vedtak

Styret sluttar seg til det føreliggande dokument som innspel til statsbudsjett for 2011.

Fakta

I medhald av Oppdragsdokumentet for 2009 skal dei regionale helseføretaka innan 15. desember 2009 gi innspel til statsbudsjettet for 2011. Det vises til vedlagte brev.

Kommentar

På same måte som tidlegare år har dei regionale helseføretaka utarbeidd eit felles grunnlag. Det er gjort felles vurderingar og analyser på eit overordna nivå med berekning av aktivitetsføresetnader innan somatikk, psykisk helsevern (vaksne og barn/ungdom) og tilbod til rusmiddelavhengige (TSB). Vidare er det tatt opp andre økonomiske forhold som er av felles interesse relatert til statsbudsjettet for 2011.

Det blir med basis i dette felles underlaget laga eige brev frå kvart regionalt helseføretak kor det kan gis særskilte merknader.

Det er i vedlagte brev frå Helse Vest RHF lagt inn særskilde merknader knytt til investeringsprosjekt i Helse Bergen og Helse Stavanger der det er behov for å ta opp lån til investeringar.

Innspel til statsbudsjett 2011 er sendt innan fristen 15. desember 2009. Det er tatt atterhald for eventuelle merknader får styret i Helse Vest RHF.